

Den lange historia om Heio

08.02.2012



**I samband med årsmøtet i idrettslaget har diskusjonen om
Heio blomstra opp og spørsmålet vert stilt igjen: Kva blir det til
med dette idrettsanlegget i framtida?**

**Uansett kva som skjer har anlegget ei meir enn 70 år historie
bak seg og mange uskedelingar har gode
minnar og sterke kjenslar knytt til
Heio. Ein av dei er Birger Myklebust (78) som har ein fortid både
som aktiv fotballspelar på grusen på Heio og som teknisk
funksjonær under arrangement.**

Han fortel at historia til Heio starta allereie før krigen men då på den andre sida av vegen der det var utmark. Der sparka dei fotball så godt det let seg gjera mellom brake og lyng. Men så fant laget ut at området på den andre sida av vegen eigna seg betre sjølv om det også var utmark der.

Birger meiner også at området var påtenkt som utstillingsplass for dyr. Men den planen vart ikkje realisert og etter krigen vart Heio etappevis bygd ut som idrettsplass, først for fotball. Så kom løpebana, men Birger minnast at det vart ståande att så mykje vegetasjon innanfor svingen mot vegen at løparane forsvant i fleire sekunder medan dei var i svingen. Garderobar hadde dei heller ikkje i starten, men i ruskever fekk dei låne eit uthus. like ved anlegget.

Birger hugsar at opparbeidingsa av Heio opp gjennom 1950-talet var ein tung og langdryg prosess. Det var ikkje det minste rart i ei tid då dei i vesentleg grad måtte til til handmåkt.
- Ein såg ikkje mykje skilnad frå den eine dagen til den andre, seier Birger som ikkje har engasjert seg i dagens banedebatt. Men han er samd med dei som meiner at idrettslaget no har meir enn nok å stelle med og vedlikehalda.

Ellers imponerer han med å ramse opp kven som spelar på fotballaga i etterkrigstida og over er spelarane på biletet under før eller etter ein kamp på starten av 1950-talet.

Dei som her står oppstilt på Heio er, frå venstre:

Gjert Myklebust, Erling Eik, Torvald Sunde, Martin Myklebust,
Edvin Kjærland, Jens Arnesen, Bjørgulf Eik (keeper), Bjørn
Myklebust, Tor H. Myklebust, Johan Myklebust og Sverre Wang.

Dei to damene på biletet under - Ingrid Høiland og Anne Grete
Årdal - var funksjonærar på Heio - dei
snudde grammofonplatene! Fotograf var Gjert Myklebust som har
etterlatt seg ei unik fotosamling

Av Ola Matti Mathisen

